



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Teams
Dato: 02.06.2026
Tid: Kl. 08:30 - 16:00

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Morten Mortensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Knut Robert Knutsen	Kinn Rødt
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Hilmar Eliasson	UAH

Andre som møtte:

Annika Sørdal, UKK
Emma Johannesen, UKK
Weronica Nilsen Toftesund, observatør Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Morten Mortensen	26/34404		fvl § 6 e

Frå administrasjonen møtte:

Runa Nybakk, kommunalsjef

Måløy, 04.06.2026

Hilmar Eliasson
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
055/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
056/26	Godkjenning av møteprotokoll
057/26	Spørsmål
058/26	Orienteringar
059/26	Refererte skriv og meldingar
060/26	Høyring - Revidering av vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn
061/26	Forskrift om plan for skuledagar, ferie og fridagar i Kinn kommune 2027-2028
062/26	Orienteringssak - Tilstandsrapport 2025 - Kinn barnevern
063/26	Endring av Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune
064/26	Tildeling av kulturmidlar 2026
065/26	Interpellasjonar
001/26	Interpellasjon - Kinn bør bli medlemskommune i Ungt Entreprenørskap
002/26	Interpellasjon - Garderobefasilitetar i Florahallen
066/26	Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030

055/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Godkjenning av innkalling:

Det vert bemerkta at ikkje alle har fått innkalling til felles møtelenke.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 055/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

056/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Det vart stilt spørsmål frå repr. Halsne (SP) om korleis ein finn att diskusjonar og røystingar som utval har gjort, når saker blir vidaresendt til t.d. formannskap og kommunestyre.

Svar:

Diskusjonane vert ikkje notert ned.

Det som går vidare til neste behandlingsorgan, f. eks kommunestyret:

- Vedtak som innstilling frå alle tidlegare behandlingsorgan kjem først i dokumentet
- Alle framlegg frå tidlegare behandlingsorgan, inkludert votering finn ein att nederst i dokumentet.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 056/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

057/26: Spørsmål

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Ingen spørsmål.

OPKUV- 057/26 Vedtak:

058/26: Orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Oppvekst og kulturutvalet fekk følgjande orienteringar, og svar på spørsmål knytt til:

Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030, 1.tertialrapport, årsrapport 2025 v/ kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen - Fellesorientering til hovudutval for OK, HO og Plan, miljø og samfunn - presentasjon vedlagt.

Orientering om Tilstandsrapport for barneverntensta 2025 v/ tenesteleiar Lena Eikefjord Fellesorientering for OK og HSO - presentasjon vedlagt.

Prosjektet Tverrfagleg samarbeid v/prosjektleder Kari Vårdal. Fellesorientering til hovudutvak for OK og HSO - presentasjon vedlagt.

Løypemelding for prosjekt 510145 Florø barneskole v/ prosjektleder Oddgeir Nygård og kommunalsjef Runa Nybakk - presentasjon vedlagt.

Løypemelding for Skram skole v/prosjektleder Oddgeir Nygård og kommunalsjef Runa Nybakk

Løypemelding for revitalisering av Florø kulturhus v/ kommunalsjef Rolf Bjarne Sund og Salt Arkitekter

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 058/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

059/26: Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Fellesframlegg, foreslått av Hilmar Eliasson, Uavhengig

Mentorer blir: Dagrun Almenning Kvalheim og Elisabeth Halsne

RS 010/26

Utvalsleiar stilte spørsmål om det finnast noko "samordning" mellom fyra i kommunen.

Spørsmålet vert formidla til kultursjef Anita Solbakken.

RS011/26

Utvalsleiar stilte spørsmål om kvifor Kinna-kyrkja ikkje er nemnt i årsrapporten.

Spørsmålet vert formidla til kultursjef Anita Solbakken.

RS 014/26

Utvalet vedtar å ta opp saka i møtet og vel mentorar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

Fellesframlegg til mentor for UKK-representantane i Oppvekst- og kulturutvalet, framsett av leiar Eliasson, samrøystes vedtatt.

OPKUV- 059/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Mentor for UKK-representantane i Oppvekst- og kulturvalet vert:

Elisabeth Halsne (SP) og Dagrun Almenning Kvalheim (H)

060/26: Høyring - Revidering av vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet vedtek å sende utkast til reviderte vedtekter for barnehagane i Kinn på offentleg høyring.

I tillegg til generelle høyringsinnspel til utkastet til reviderte vedtekter, bed Oppvekst- og kulturutvalet særskilt om innspel til §§ 3, 4 og 5.

Høyringsinstansar som vert kontakta direkte er foreldreråd og SU ved dei kommunale barnehagane og arbeidstakarorganisasjonane.
Høyringsfrist vert sett til 15.07.2026

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

, foreslått av ,

Oppvekst og kulturutvalet vedtek å sende utkast til reviderte vedtekter for kommunale barnehagar på offentleg høyring, med korrigerings av tekst til § 2.

Barnehagefagleg rådgevar orienterte om dei reviderte endringar saka.

I gjennomgang av saka vert det påpeika at det i § 2 ikkje kjem fram samansettinga av SU. Følgjande tekst vert lagt til; "Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, og ein representant i barnehagen sitt samarbeidsutval frå barnehageeigar skal vere valt politisk. I tillegg skal det vere to representantar frå foreldrerådet og to representantar frå dei tilsette".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt, med korrigerings av tekst i § 2.

OPKUV- 060/26 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet vedtek å sende utkast til reviderte vedtekter for kommunale barnehagar på offentleg høyring, med korrigerings av tekst til § 2 til følgjande:

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, og ein representant i barnehagen sitt samarbeidsutval frå barnehageeigar skal vere valt politisk. I tillegg skal det vere to representantar frå foreldrerådet og to representantar frå dei tilsette.

I tillegg til generelle høyringsinnspel til utkastet til reviderte vedtekter, bed Oppvekst- og kulturutvalet særskilt om innspel til §§ 3, 4 og 5.

Høyringsinstansar som vert kontakta direkte er foreldreråd og SU ved dei kommunale barnehagane og arbeidstakarorganisasjonane.

Høyringsfrist vert sett til 15.07.2026.

061/26: Forskrift om plan for skuledagar, ferie og fridagar i Kinn kommune 2027-2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet sender utkast til Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Kinn kommune på høyring til samarbeidsutvala ved skulane i kommunen, og til arbeidstakarorganisasjonane ved skulane.

Høyringsfrist: 14. juli 2026

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 061/26 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet sender utkast til Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2027-2028 i Kinn kommune på høyring til samarbeidsutvala ved skulane i kommunen, og til arbeidstakarorganisasjonane ved skulane.

Høyringsfrist: 14. juli 2026

062/26: Orienteringssak - Tilstandsrapport 2025 - Kinn barnevern

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.06.2026

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Barnevernsleiar Lena Eikefjord orienterte - presentasjon vedlagt.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 062/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 02.06.2026:

Barnevernsleiar Lena Eikefjord orienterte - presentasjon vedlagt.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 033/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Orientering av Lena Eikefjord, barnevernsleiar.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

RMNF- 023/26 Vedtak:

Tilstandsrapport 2025 for Kinn barnevern vert teke til vitande.

063/26: Endring av Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at Kinn kommunestyre gjer slik vedtak:

1. Med bakgrunn i lågt søkjartal, vert ferie-SFO i Kinn kommune lagt ned med verknad frå 01.08.2026.
2. § 5 Ferie-SFO i *Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune* opphøyrer frå 01.08.2026.
3. Som del av arbeidet med skulestruktur, vert det også sett på organisering av SFO-tilbodet. Det skal vurdrast om det er mogleg å organisere ferie-SFO som del av det samla SFO-tilbodet. Kommunedirektøren kjem tilbake til oppvekst- og kulturutvalet med eiga sak om dette.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.06.2026

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å utsette saka til høsten. På grunn av at vi kan ikkje komme med forandring på ferie Sfo så seint på året. Då dette vil råke mange familier som har lagt ferdig ferie kabalen for i år.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Forslag fra AP, foreslått av Ninja Tolo Ness, Kinn Arbeiderparti

1. Saka vert utsett til hausten. Ei endring på ferie SFO så seint på året vil råke dei familier som har lagt ferie SFO til grunn for feriekabalen for i år.
2. Det skal i saka vurderast om det er mogleg å organisere både innhald og finansiering av ferie-SFO som ein del av det samla SFO-tilbodet. Det skal vurderast om dette kan føre til at tilbodet vert økonomisk berekraftig, føre til auka bruk og gje meir kvalitet og forutsigbarhet i tilbodet.

Røysting:

Framlegg frå AP v/repr. Tolo Ness vert sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg og vedtatt mot ei røyst frå KrF v/Vig.

OPKUV- 063/26 Vedtak:

1. Saka vert utsett til hausten. Ei endring på ferie-SFO så seint på året vil råke dei familier som har lagt ferie-SFO til grunn for feriekabalen for i år.
2. Det skal i saka vurderast om det er mogleg å organisere både innhald og finansiering av ferie-SFO som ein del av det samla SFO-tilbodet. Det skal vurderast om dette kan føre til at tilbodet vert økonomisk berekraftig, føre til auka bruk og gje meir kvalitet og forutsigbarhet i tilbodet.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Råd for menneske med nedsette funksjonsevne, foreslått av Magne Ove Midtbø, Kinn Senterparti

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å utsette saka til høsten. På grunn av at vi kan ikkje komme med forandring på ferie Sfo so seint på året. Då dette vil råke mange familier som har lagt ferdig ferie kabalen for i år.

Røysting:

Fellesframlegg framsatt av leiar Midtbø samrøystes vedtatt.

RMNF- 025/26 Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å utsette saka til høsten. På grunn av at vi kan ikkje komme med forandring på ferie Sfo så seint på året. Då dette vil råke mange familier som har lagt ferdig ferie kabalen for i år.

064/26: Tildeling av kulturmidlar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kulturmidlar for 2026 blir tildelt i tråd med saka og vedlegg til saka

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Morten Mortensen		fvl § 6 e

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Repr. Mortensen (H) ønskjer sin habilitet vurdert, med bakgrunn i at han er medlem i Idrettsrådet, i tillegg til at han representerer ein organisasjon som har søkt om kulturmidlar. Utvalet vedtar samrøystes repr. Mortensen som inhabil etter fvl. § 6 e. Representanten fråtrer i saka.

Siv Anett Kupa frå frivilligsentralen svarte på spørsmål frå utvalet på prioritering av tildeling av kulturmidlar 2026.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 064/26 Vedtak:

Kulturmidlar for 2026 blir tildelt i tråd med saka og vedlegg til saka.

065/26: Interpellasjonar

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

INTER001/26 - fellesframlegg, foreslått av Hilmar Eliasson, Uavhengig

OK-utvalget er positiv til medlemskap, men ber administrasjon komme tilbake med en meir utgreia sak til formannskapet

INTER 001/26 Interpellasjon frå Venstre v/repr. Nødseth - Kinn bør bli medlemskommune i Ungt Entreprenørskap

Som ein av tre kommunar i "gamle" Sogn og Fjordane er Kinn ikkje medlem i Ungt Entreprenørskap. Slik eg forstår det er det likevel oppretta elevbedrifter i grunnskulen i Kinn, som med det går glipp av nettverk og deltaking i regionale tevlingar mot andre elevbedrifter mv. som berre er tilgjengeleg for medlemskommunar.

Når elevane startar i den vidaregåande skulen vil elevane møte Ungt Entreprenørskap gjennom arbeid med til dømes ungdomsbedrifter.

Gulen kommune skriv godt om fordelane med å vere medlem: "Gulen kommune og Ungt

Entreprenørskap Vestland deler ei felles målsetting: å gi barn og unge verktøya dei treng for å meisle ut sine eigne vegar – og bidra til eit levande, kreativt og berekraftig lokalsamfunn. Gjennom dette medlemskapet investerer Gulen i framtidige arbeidstakarar, skaparar og samfunnsbyggjarar." Les meir i nettsaka som eg har lagt ved interpellasjonen. Etter det eg forstår er medlemsavgifta svært beskjeden.

Å stimulere unge si praktiske læring, skaparglede, kjennskap til lokalt næringsliv og entreprenørskapsånd må seiast å vere heilt sentralt for ein næringsvennleg kommune som Kinn.

Framlegg til vedtak:

Kinn kommune teiknar medlemskap i Ungt Entreprenørskap Vestland. Kostnader med dette vert å innarbeide i revidert budsjett i juni 2026

Svar frå leiar:

Det er innhenta opplysningar om ei eventuell avtale om kommunemedlemsskap mellom Kinn kommune og Ungt Entreprenørskap Vestland.

Avtalen bygger på Ungt Entreprenørskap sin visjon om å inspirere unge til å tenke nytt og til å skape verdier. Avtalen skal bidra til å fremme entreprenørskapsarbeidet ved å:

- *Utvikle barn og ungdoms kreativitet, skaparglede og tro på seg selv*
- *Gi barn og ungdom forståelse for betydningen av verdiskaping og nyskaping i næringslivet*
- *Fremme barn og unges samarbeidsevne og ansvarsbevissthet*
- *Gi forståelse for og kunnskap om etikk og regler i nærings- og arbeidslivet*
- *Styrke samhandling i lokalsamfunnet mellom nærings- og arbeidslivet og skolene*
- *Inspirere til framtidig verdiskaping i en sosial, kulturell og økonomisk sammenheng*

Ungt Entreprenørskap Vestland er en ideell forening, basert på medlemskap. Foreningen er en aktiv medspiller i spennet mellom skole og arbeidsliv. Organisasjonen har et bredt sammensatt styre, og er knyttet sammen i et nasjonalt nettverk, der alle fylker er med.

Gjennom ei eventuell avtale ønsker Kinn kommune og UE Vestland å fremme kreativitet og entreprenørskap i skolen, samt å knytte arbeidsliv og utdanning tettere sammen. Avtalen skal ivaretas gjennom et samarbeid om gjennomføring av Ungt Entreprenørskap sine undervisningsprogram i skolene i kommunen.

Årleg kostnad:

- Grunnpris kommunemedlemskap kr 17 000,-
- Kr 2,- pr innbyggjar for kommuner med over 2000 innbyggjarar kr 34 648,-
- Totalt, årleg kostnad: kr 51 648,-

Ved inngåing av kommunemedlemskapsavtale er det forventa slik ansvarsdeling:

UE Vestland sitt ansvar:

- *er innholdsleverandør, og plikter å levere opplæring/kompetanseheving for tilsatte i kommunen iht. til oppsatt plan som partene blir enige om på forhånd.*
- *skal i samråd med kommunen utforme en plan for opplæring i bruk av UE sine metoder/verktøy for lærere og ledere.*
- *plikter å iverksette samarbeidet med kommunen i UE Vestland sine handlingsplaner og strategiplanarbeid.*
- *vil legge til rette for årlige dialogmøter med kommunen.*

Kommunens ansvar:

- *Iverksette entreprenørskapsarbeidet i kommunale planer og lojalt medvirke til gjennomføringen.*

- *Motivere kommunens skoler til å samarbeide med Ungt Entreprenørskap og få dette forankret i skolens årsplaner.*

I Kinn kommune har Vågsøy ungdomsskule og Eikefjord barne- og ungdomsskule elevbedrifter tilknytt Ungt Entreprenørskap.

Spørsmålet om fleire skular enn Eikefjord barne- og ungdomsskule og Vågsøy ungdomsskule vurderte deltaking gjennom kommunemedlemskap i UE, var til vurdering i leiargruppa i 2025. UE har undervisningsprogram som er tilpassa 1.-7. årstrinn og 8.-10. årstrinn. Tilbakemeldinga frå fleirtalet i leiargruppa var at skulane ikkje har kapasitet til å følgje opp dei forpliktingane som er forventane når ein inngår samarbeidsavtale med UE, på nåverande tidspunkt. Skulane er inne i krevjande omstillingsprosessar knytt til m.a. demografitilpassingar og arbeid med skulestruktur.

Før det eventuelt vert inngått kommunemedlemskap må det avklarast om dette vil forplikte alle skulane, eller om det kan leggjast til rette for ei gradvis opptrapping av deltakande skular. Det må også leggjast til rette for frikjøp for koordinering av oppfølgingsansvaret. Dette er kostnader som kjem i tillegg til årleg kommunemedlemsskapsavgift.

Det må elles nemnast at:

- Skulane (og barnehagane) deltek i kommunen si Newtonsatsing i regi av First Scandinavia; <https://newtonroom.com/no/newton-rom/newton-kinn/school>

Newton Kinn er en felles læringsarena for alle barn og unge i Kinn. Her tilbyr vi praktisk undervisning i matematikk, naturfag og teknologi. Målet at dei som besøker Newton-rommet, skal ha stort læringsutbytte og gode læringsopplevingar.

Kinn kommune er i nettverk med andre Newtonkommunar. Vi har newton-koordinator i kommunen, og alle skulane og dei fleste barnehagane har egne newtonlærarar som får årleg kompetansebygging for å kunne gjennomføre undervisningsopplegg og aktivitetar med barn og elevar.

- Ungdomsskulane har i tillegg avtale med **ViteMeir – Vitensenteret i Sogn**, om deltaking i «ViteMeir på hjul».

Vitensenteret oppsøker skulane i kommunen med egne undervisningsopplegg, noko som er meir hensiktsmessig for skular som har lang reiseavstand til Kaupanger.

<https://www.vitemeir.no/aktuelt/vitemeir-p-hjul-blir-vidarefrtnbspnbsp>

INTER002/26: Interpellasjon frå SP /repr. Halsne - Garderobefasilitetar i Florahallen

Eg har sett bilete av garderobane i Florahallen som minner meg om scener frå ein skrekkfilmer. Eg vert heilt sjokkert over at dette er garderobefasilitane til ungdomsskuleelevane. Kommunen har dårleg vedlikehald av mange formålsbygg, og det skal komme ein plan på status og oppgradering av desse bygga.

Ordførar seier i formansskapet 5.mai at rehabilitering av Florahallen vil vere fullført først om eit par år.

Adminstrasjonen har i vår starta eit arbeid med å lage ei oversikt over konkrete behov for oppgradering av hallen.

Kan OK utvalet få ei orientering på status av dette?

Kan adminisstrasjonen lage ei oversikt over garderobefasislitetane i Florahallen, med status og ein kortsiktig plan på korleis gjere garderobane til forsvarlege garderobar for våre ungdomskuleelevar? Dette hastar.

Fins der ein tiltaksplan, eller er det eit mål om å lage ein tiltaksplan, mot hærverk og dårleg oppførsel i gardrobane?

Svar frå leiar:

Som kjent svarte ordføreren på spørsmål om teknisk tilstand på Florahallen i formannskapet 5 mai. Det blir vist til dette svaret i spørsmålet.

Forvaltningsrevisjon har vinteren 26 gjennomført ein revisjon av kommunen sitt arbeid med forvaltning av kommunale bygg. Her blir det slått fast at kommunen bruke vesentleg mindre midlar på vedlikehald enn det som krevst for å oppretthalde standaren på eksisterande bygg, som tilsaman utgjer omlag 110 000 kvm bygningsmasse. Bustader kjem i tillegg. Realiteten er at kommunen over tid har hatt vesentleg større fokus på å byggje nytt, enn å ta vare på dei verdiane vi har i eksisterande bygg.

Dei siste åra har det i kommunen sitt investeringsprogram vore sett av mellom 10 - 15 mil kvart år, til oppgradering av formalsbygg. Desse midlane blir nytta etter ei byggfagleg kost - nyttevurdering. Dvs. at det blir gjort tiltak der ein ser at tiltaka gjer størst nytte.

For Florahallen blir det no arbeid med ein tiltaksplan for oppgradering av bygget. Samla er utfordringane store for dette bygget. Bygget har behov for større oppgraderingar innanfor ENØK, herunder tekniske anlegg isslasjon. Det må og gjerast tiltak inne i hallen og i gardrobane, mellom anna må skilleveggane skiftast ut. Dette har med sikkerhet å gjere. Det er det første som blir gjennomført.

Tiltaksplanen vil også innehalde bruk av moglege tilskotsmoglegheiter. Aktuelle ordningar er; spelemidlar, ENOVA og eigne ordningar for ENØK for idrettsanlegg. Det er viktig at vi nytte desse ordningane fullt ut, slik at vi får igjen mest mogleg for dei kommunale midlane.

Det er forståing for at det heilt klart bør gjerast tiltak i gardrobane. Det blir sett på moglegheita for å gjere dette, så raskt som mogleg. Uansett må dette tiltaket vere ein del av ein samla tiltakspakke, slik at vi er sikker på at vi får utnytta aktuelle tilskotsordningar best mogleg.

Under føresetnad av at investeringsmidlane til oppgradering av formålsbygg og smarte investeringar blir vidareført i økonomiplanen vil det vere mogleg å gjennomføre tiltak på hallen i perioden 27 og 28. Skilleveggane i hallen blir gjennomført i 26.

Røysting:

INTER 001/26: Fellesframlegg fremsett av leiar, samrøystes vedtatt.

INTER 02/26: Ingen røysting.

OPKUV- 065/26 Vedtak:

OK-utvalget er positiv til medlemskap i Ungt Entreprenørskap, men ber administrasjon komme tilbake med en meir utgreia sak til formannskapet.

001/26: Interpellasjon - Kinn bør bli medlemskommune i Ungt Entreprenørskap

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.03.2026
Interpellasjonen vert sendt til Oppvekst- og kulturutvalet.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Fellesforslag OK-utvalget, foreslått av Hilmar Eliasson, Uavhengig
OK-utvalget er positiv til medlemskap, men ber administrasjon komme tilbake med en meir utgreia sak til formannskapet

Utvalet ønskjer å støtte eit kommunemedlemskap, men ønskjer å ha skulane med på laget.

Røysting:

Fellesframlegg fremsatt av leiar, samrøystes vedtatt.

OPKUV- 001/26 Vedtak:

OK-utvalet er positiv til medlemskap, men ber administrasjon komme tilbake med ein meir utgreia sak til formannskapet.

002/26: Interpellasjon - Garderobefasilitetar i Florahallen

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Interpellasjon vert svara ut.
Vert lagt ved møteboka.

OPKUV- 002/26 Vedtak:

066/26: Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer

- som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 01.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 02.06.2026

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Finansutvalet 04.06.2026:

Røysting:

Finansutvalet tar samrøystes orienteringa om økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030 til vitande.

FINU- 011/26 Vedtak:

Orientering om økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030 vert teke til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 066/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMUV- 054/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 02.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 037/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

RMNF- 026/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

Behandling i Kinn eldreråd 01.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KIEL- 024/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-27
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.